

SLAM PRIVATE TANKAR STAD KOMMUNE

Nordfjord miljøverk har ansvar for fakturering og tømmeplan for private slantanker/septiktanker Stad kommune. Dette omfattar slamavskiljar, tett tank og reinseanlegg, som har tømning kvart år, kvart 2. år eller kvart 4.år. Dei faste tømmerundene er basert på at fastbuande får tømning kvart 2.år, fritidsbustadane kvart 4.år, medan tette tankar vert tømt kvart år. Det er Stad kommune som fastset gebyr for tømning, medan fakturaen vil kome frå Nomil. Kostnaden ved tømninga vert fordelt utover, slik at du betaler inn avgift kvart år.

Det er Stad kommune som gjev utsleppsløyve for avløpstankar, og som handsamar saker ut frå forurengslova. Søknadar og varsel knytt til å sette ned, endre tank eller kople tank frå avløpsnett sendast til kommunen. Om du ønsker å endre kor ofte tanken vert tømt, sender du søknad om dette til Nomil. Fritak frå slamavgifta vert berre gjeve der røyrleggar har sendt inn dokumentasjon til Stad kommune og Nomil, på at tanken er plombert. Å ikkje klargjere tanken før tømning på fastsett tømmerunde, gjev ikkje rett til fritak for slamavgift.

Om du treng tømning utanom fastsett tømmerunde, må du betale ekstra for dette. Ekstratømning vert definert som ei tømning utført innan 14.dagar frå innmelding. Ei nødtømning skjer innan 24 timar frå innmelding. Under finn du oversikt over dei fastsette gebyrsatsane.

GEBYR SATSAR 2021

		u.mva	m.mva
Tank 0-4,5m ³	stk	1 310,04	1 637,55
Tank 4,5-10m ³	m ³	374,18	467,72
Tank > 10m ³	m ³	328,27	410,34
Mini-reinseanlegg 0-4,5m ³	stk	1 310,04	1 637,55
Mini-reinseanlegg 4,6-10M ³	m ³	374,18	467,72
Bomtut	stk	1 298,27	1 622,83
Fritidsabonnement kvar 4.år 0-4,5m³	stk	659,15	823,94
TØMMASKT KVART ÅR 52 VEKE			
Tank 0-4,5m ³	stk	3 116,94	3 896,18
Tank 4,6 - 10m ³	m ³	839,01	1 048,76
Tank >10m ³	m ³	788,30	985,38
Nødtømning			
Nødtøming 0-4,5 m ³	stk	5 910,13	7 387,67
Nødtøming 4,6-10m ³	m ³	1 625,40	2 031,75
Nødtøming over 10m ³	m ³	1 540,89	1 926,12
Ekstratøming innan 14d etter innmelding			
Tank 0-4,5m ³	stk	4 137,09	5 171,37
Tank 4,6 - 10m ³	m ³	1 136,90	1 421,12
Tank >10m ³	m ³	1 078,68	1 348,35

Postadresse	Besøksadresse	e-post	Telefon: 57 00 94 00
Eidsmona 36	Eidsmona 36	post@nomil.no	Org .nr. 977549833